

## **Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Rogland**

Heimel: «LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18, delegering 23.11.2018 av myndighet til fylkesmannen etter jordlova § 18 gitt av Landbruks- og matdepartementet»

### **Kapittel 1 Innleiande føresegner**

#### **§ 1 Formål**

Formålet med tilskot etter forskrifa er å stimulere til eit aktivt og berekraftig jordbruk som tek vare på kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, kulturminne og som stimulerer til opplevingar i landskapet og reduserer tap til luft og ureininga til jord og vatn.

#### **§ 2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld i Rogaland fylke.

#### **§ 3 Grunnvilkår**

Dei som kan få tilskot etter denne forskriftena er:

- a) føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret. Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- b) beitelag kan søkje tilskot for drift etter § 3 Drift av beitelag. I denne forskriftena er beitelag avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, der hovudformålet er å samarbeide om målretta fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

### **Kapittel 2 Kulturlandskap**

#### **§ 4 Drift av bratt areal**

Det kan gis tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet. For å ha rett til tilskot til innmarksbeite må søkerane ha minst 15 dekar innmarksbeite med hellingsgrad 1:5.

Tilskot blir fastsett per dekar.

#### **§ 5 Drift av beitelag**

Det kan gis tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3b. Beitelaget skal vere opent for brukarar som har tilgang til utmarksbeitet, og der samarbeid kan fremje bruk av beiteområdet. Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmar og 300 småfeeininger. Etablerte lag skal ha minst 3

medlemmar og 150 småfeeiningar. Laget må organisere beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Laget skal sørge for at beiteområdet blir inspisert minst ein gong kvar veke. Opplysningar om gjennomført tilsyn med dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk skal laget notere ned.

Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.

### **§ 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark**

Det kan gis tilskot for beiting av verdifulle jordbruksareal i følgjande område:

- a) Suldal kommune: Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali, Hamrabø
- b) Lysefjorden: jordbruksareal øst for Lysefjordbrua
- c) Bjerkeim kommune: Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.

Tilskotet blir fastsett per dekar jordbruksareal.

### **Kapittel 3 Biologisk mangfold**

#### **§ 7 Slått av slåttemyr og slåttemark**

Det kan gis tilskot for slått av slåttemark og slåttemyr som er gjennomført slik at naturtypen blir tatt vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Areala skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

#### **§ 8 Beiting av kystlynghei**

Det kan gis inntil 50 000 kr i tilskot per føretak for beiting av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase eller kartlagt og registrert av Fylkesmannen.

Tilskotet blir fastsett per dekar kystlynghei

#### **§ 9 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal**

Det kan gis inntil 50 000 kr i tilskot per føretak for beiting av naturbeitemark med verdi svært viktig, og hagemark med verdi svært viktig eller viktig i miljødatabasen Naturbase. Beitinga skal vere gjennomført slik at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **§ 10 Skjøtsel av styvingstre**

Det kan gis tilskot for styving av tre som er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt sær preg og biologiske mangfald blir teke vare på.

Tilskotet blir fastsett per tre.

## **§ 11 Soner for pollinerande insekt**

Det kan gis inntil 5 000 kr/føretak i tilskot for å så og skjøtte soner med pollinatorvenlege planteartar på jordbruksareal. Sonene må vere attraktive for pollinatrar gjennom vekstsesongen. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla eller sprøyta med plantevernmidlar.

Tilskotet blir fastsett per meter.

## **§ 12 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl**

Det kan gis tilskot for å legge til rette for hekking og beiting av fugl på eller i tilknyting til jordbruksareal:

- a) Tilrettelegging for Vipe i Time kommune
- b) Fuglerike biotop i våtmarksområde definert i kartportalen Temakart-Rogaland/rmp

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **Kapittel 4 Kulturminne og kulturmiljø**

### **§ 13 Drift av seter**

Det kan gis tilskot for drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon. Produksjonsperioden skal være minst seks veker per sesong. Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller forelast på setra. Produksjonen skal svare til minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk i døgnet per seter.

Tilskotet blir fastsett per seter, fordelt på tal føretak som har dyr på setra.

### **§ 14 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne**

Det kan gis tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter etter lov av 6. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Føretaket må disponere minst 15 dekar med fredag kulturminne for å kunne få tilskot. Det kan gis inntil kr 20 000 i samla tilskot etter § 14 og § 15.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **§ 15 Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne**

Det kan gis tilskot for skjøtsel av gravminne etter lov av 6. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Føretaket må disponere minst 3 gravminne for å kunne få tilskot. Det kan gis inntil kr 20 000 i samla tilskot etter § 14 og § 15.

Tilskotet blir fastsett per stykk.

## **Kapittel 5 Friluftsliv**

### **§ 16 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet**

Det kan gis tilskot for vedlikehald og merking av turstiar for den delen av stien som går over jordbruksareal. Turstien skal vere open for allmenn ferdsel, og vere ein del av eit samanhengande tursti-nettverk merka av på offentleg tilgjengeleg turkart.

Turstiar med høg tilrettelegging er turstiar som ligg innanfor ein radius på tre km målt i luftlinje frå regulerte bustadfelt eller er definert som friluftsområde i Regionale planar med oppfølgande kartfesting i aktuell kommuneplan.

Tilskotet blir fastsett per meter.

## **Kapittel 6 Avrenning til vatn**

### **§ 17 Fangvekstar sådd etter hausting**

Det kan gis tilskot for fangvekstar sådd etter hausting av grønsaker, poteter og rotvekster. Fangveksten skal vere godt etablert om hausten, og skal ikkje vere hovudvekst året etter at den er sådd. Arealet skal ikkje sprøyta med plantevernmidlar og ikkje gjødslast etter hausting av hovudveksten. Det kan gis løyve til å sprøyte i vekstsesongen mot floghavre, hønsehirse og svartsøtvier. Arealet med etablert fangvekst skal ikkje jordarbeidast før 1. mars året etter søknadsåret.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### **§ 18 Grasdekt kantsone i åker**

Det kan gis tilskot for fleirårig grasdekke langs kanten mot vassdrag på åkerareal. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum åtte meter, målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst seks meter ligg på fulldyrka areal. Vekstane skal vere godt etablerte om hausten i søknadsåret. Areala skal ikkje gjødslast eller sprøyta, og skal slåast, beitast eller pussast i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og sång skje mellom 1. mars og 1. juli.

Føretaket må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone.

Tilskotet blir fastsett per meter.

### **§ 19 Kantsone i eng**

Det kan gis tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag som ikkje er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum seks meter, målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst fire meter ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Føretaket må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone.

Tilskotet blir fastsett per meter.

### **Kapittel 7 Utslepp til luft**

#### **§ 20 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel**

Det kan gis tilskot for spreiling av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging. Det skal minimum spreiest 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsla per dekar. Utstyr som gir grunnlag for tilskot må bli nytta ved all bruk av husdyrgjødsel på omsøkt areal. Siste frist for spreiling er 10. august. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste spreiling i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker må moldast ned innan to timer.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Det kan gis inntil kr 50 000 i samla tilskot etter § 20 og § 21.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

#### **§ 21 Spreiling av husdyrgjødsel med tilførselsslange**

Det kan gis tilskot for spreiling av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange, som eit tillegg til tilskot etter § 20 Nedfelling eller nedlegging.

Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Det kan gis inntil kr 50 000 i samla tilskot etter § 20 og § 21.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **Kapittel 9 Miljøavtale**

### **§ 22 Miljøavtale**

Det kan gis inn til 50 000 kr i tilskot til føretak som teiknar miljøavtale og gjennomfører ein kombinasjon av tiltak for styrka miljøinnsats i nedslagsfeltet til vassdrag fastsett av Fylkesmannen. Trinn 1 er dei tre første åra med miljøavtale. Trinn 2 er dei neste tre åra.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **Kapittel 10 Generelle føresegner**

### **§ 23 Utmåling og utbetaling av tilskot**

Tilskotet blir rekna ut etter satsar fastsett årleg av Fylkesmannen. Tilskot blir gitt for det året tiltaket blir gjennomført.

### **§ 24 Søknad**

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Søknadsfristen er 15. oktober. For beitelag som søker tilskot etter § 5 er fristen 15. november.

Dersom søknaden blir levert etter fristane i første ledd, blir tilskot redusert med 1 000 kroner per dag inntil 20 dagar etter utgått frist. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

### **§ 25 Administrasjon, dispensasjon og klage**

Fylkesmannen administrerer tilskota etter denne forskrifta.

Kommunen gjer vedtak om tilskot. Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegne om tilskot fastsett i denne forskriften.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

### **§ 26 Opplysningsplikt og kontroll**

Den som søker tilskot pliktar å gi alle opplysingar som kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetalinga av tilskot er riktig. Søkjaren har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og nedteikningar som gjeld tilskotet. Opplysingar gitt i samband med søknaden om tilskot kan også bli kontrollerte ved telling og måling på dei eigedomane som føretaket nyttar i drifta.

### **§ 27 Avkorting av tilskot**

Dersom føretaket aktlaust eller med forsett har:

- a) drive eller driv verksemda i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, eller
- b) gitt feil opplysingar i søknaden slik at søkeren eller andre urettvist har fått utbetalt eller kunne fått utbetalt tilskot, kan heile eller delar av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta.

Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket:

- a) ikkje har halde dei fristane som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre sine kontrolloppgåver i medhald av § 26.
- b) har brote føresegner i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging, eller
- c) ikkje har ført journal over plantevernmidlar som føretaket har nytta seg av på areala det blir søkt tilskot for. Journalen skal innehalde opplysingar om namn på plantevernmiddelet som blir brukt, tidspunkt for behandlinga og dosa som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet blei brukt på. Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje kan legge fram slike journalar for dei siste tre åra.

#### **§ 28 Tilbakebetaling og renter mv.**

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylging av vilkår i denne forskriften eller av andre grunnar har teke imot ei utbetaling som ikkje er rettkome, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motrekna i seinare utbetaling av tilskot. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetalte beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter §27.

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter når kravet ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov akløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettkomne tilskotet. Størrelsen på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentleg styresmakt som kjem ut av føretaket si jordbruksverksemd kan motrekna i seinare utbetalingar av tilskot til føretaket.

#### **§ 29 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 15. mars 2019. Samtidig blir forskrift av 7. juni 2016 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland oppheva.